



## Referat frå møte i arbeidsgruppa, Ryfylke vassområde

---

**Tid: 28.01.19 kl. 12.00-13.00**

**Nettmøte**

---

<b>Til stede:</b>		
Hjelmeland kommune	Torborg Kleppa	X
Rennesøy kommune	Geir Helge Rygg	X
Sauda kommune	Øyvind Ljung	Meldt fråfall
Strand kommune	Trond Leirflåt	X
Suldal kommune	Ole Martin Dahle	X
Finnøy kommune	Silke Ullrich	X
Forsand kommune	Rune Idsøe	-
Gjesdal kommune	Gudrun Kristensen	-
Kvitsøy kommune	Anne Marit Eikeland	-
Odda kommune	Torstein Backer-Owe	-
Vinje kommune	Dorthe Huitfeldt	-
Bykle kommune	Sigrid Bjørgum	Meldt fråfall
Stavanger kommune	Kristin Bringedal	-
Fylkesmannen i Rogaland, landbruksavd.	Nono Dimby	X
Fylkesmannen i Rogaland, miljøvern avd.	Ørjan Simonsen	X
Sekretariat, Ryfylke vassområde	Jarle Lunde	X

Nettmøte var del av forarbeid til fellesmøte mellom Ryfylke vassområdeutval og arbeidsgruppa i vassområde som skal vere 5.februar. Nettmøte var diverre prega av dårleg teknisk kvalitet.

#### **Sak 1/19: Årsrapport 2018, utkast**

Framlagt forslag til årsrapport blei diskutert. Det kom forslag om mindre språklege endringar, elles einigheit om innhald. Utkastet til årsrapport blir endra i tråd med forslag og blir lagt fram for behandling i vassområdeutvalet.

#### **Sak 2/19: Arbeidsplan 2019, utkast**

Framlagt forslag til arbeidsplan blei diskutert.

- Det blei opplyst at det er søkt om midlar for å gjennomføre tiltak i Klostervågen (Rennesøy). I arbeidsplan vil dette punktet inngå i: «Bidra til at alle tiltak (...) oppført i regionalt tiltaksprogram blir operative»
- Det blei etterlyst undersøking av Lundarsøylå i Finnøy kommune. Dette er ein brakkvasspoll påverka av landbruk. Lokaliteten inngår i elvevassførekomst der tilstanden er dårleg (Rambøl 2014). Problemet med å gjennomføre ei undersøking i sjølve Lundarsøylå er i dag at det ikkje er utvikla metodikk/kvalitetselement for denne naturtypen. Ørjan Simonsen sjekkar status for dette.
- Det blei føreslått eit punkt under oppfølging der ein poengterer at ein vil prioritere avrenning frå veksthus (Finnøy/Rennesøy), hydrotekniske anlegg og utbetring/tak på eksisterande gjødsellager.

Utkastet til arbeidsplan blir endra i tråd med forslag og blir lagt fram for behandling i vassområdeutvalet.

#### **Sak 3/19: Rapporten «Hovudutfordringar i Ryfylke vassområde», utkast**

Framlagt utkast til «Hovudutfordringar i Ryfylke vassområde» blei diskutert. Dokumentet skal vere vedlegg til «Hovedutfordringer i vannregion Rogaland». Dokumentet følgjer ein mal gitt av Miljødirektoratet og er ein del av prosessen fram mot oppdatert vassforvaltningsplan og tiltaksprogram.

Det blei vist til at me generelt har lite kunnskap om framande artar i sjøen. Stillehavsøsters er ein av artane som no er registrert fleire stadar i Ryfylke, og som ein kan vente vil kunne bli vanlegare.

Det blei elles gitt tilslutning til innhaldet i rapporten.

Utkastet til «Hovudutfordringar i Ryfylke vassområde» blir endra i tråd med forslag og blir lagt fram for behandling i vassområdeutvalet.

#### **Sak 4/19: Eventuelt**

Ingen saker

Jarle Lunde  
ref.